

Klypp hekk og busker – tenk trafikktryggleik!

Har du tenkt på at hekken og buskene dine kan være ei dødsfelle?

Dersom bilistane ikkje kan sjå kva som skjuler seg bak hekken på hjørne, i avkjørsler og i vegkryss, kan bilane kjøre på og skade eller drepe små barn, unge, eldre og andre myke trafikanter som ferdast i og langs vegen.

Alvorlige ulykker, personskadar og store materielle skadar kanunngåast dersom du passar på at hekk, busker og tre og anna på din eigedom ikkje hindrar sikt og fører til ulykker.

Trafikktryggleik er og ditt ansvar

Born er lågere av vekst og mindre forståing for trafikken enn vaksne. Dette gjer born meir utsett for ulykker. At du køyrrer forsiktig og tenker på at born kan kome fram bak ein parkert bil, er sjølv sagt bra. Men pass også på at gjerde, hekk, busker, tre og anna på din eigedom ikkje skjuler born eller andre trafikkantar.




Foto: Dag Nordsveen
nordsveenfoto.no

Tenk og på at busker og tre veks heile tida. Nokre veker etter at du har utført klipping, må du nok ut igjen for å stusse på ny.

Det er viktig å ha god sikt

Kommunen brukar mykje pengar på å halde vegar, fortau og sykkelstiart vedlike for at alle skal ferdast trygt. Ikkje «stel» av disse områda ved å la hekk og busker vekse utover di eigedomsgrænse. Ta deg ein tur rundt eigedomen din og sjekk om du har vegetasjon som bør beskjærast, klyppast eller fjernast. Hjelpp oss å gjere risikoen for ei trafikkulykke mindre, og dermed auke trafikktryggleiken i ditt nærmiljø! Tenk på at vegen forbi din eigedom kan være ein skuleveg.



Regler for frisikt

Hekk, busker og tre må ikke skjule vegmerking, trafikksikt, gatenamn, lysskilt eller belysning. Husk at alle skal kunne sjå eit born på trehjulsykkel frå alle retningar, og kunne stoppe på ei tredjedel av avstanden mellom kjøretøyet og barnet.

Tenk og på at det langs vegen skal være oversiktleg og enkelt å komme fram for blant anna utrykkingskøyretøy og renovasjonsbilar.



Krav til frisiktsoner er gitt i Veglova, avkjøringsløyper og i reguleringsplanar. Kommunen kan påleggje grunneigar å klyppe, beskjære eller flytte vegetasjon som skapar sikthindring slik som omtala.

Kommunen anmoder den einskilde grunneigar utfører klypp av si hekk, busker og tre slik at disse ikke medfører fare langs vegen. Dersom grunneigarane ikke utfører slik klypp vil kommunen sende ut eit skriv til den einskilde grunneigar med anmodning om å klyppe hekk og buskvekstar langs vegen. Dersom klypp ikkje vert utført vil kommunen gje eit pålegg med frist for å få arbeidet utført. Etter dette vil kommunen få utført klypp med tungt maskinelt utstyr. Resultatet vert grovt. Resultatet vert betre dersom om grunneigarane utfører arbeidet sjølv.


Korleis kan du sjekke om din hekk og dine busker tek sikt

Køy bilen utanfor din eigedom. Sit bak rattet og berekn kor langt ut frå hjørne eller utskjørsel du må klyppe hekk og buskvekstar for å kunne sjå eit born på trehjulsykkel frå alle retningar. Tenk og at du skal kunne stoppe køyretyet på ein tredjedels avstand mellom bornet og bilen når bilen er i fart.

Det er viktig at


- Hekkar i frisiktsone vert klypt ned slik at maks høgde er 0,5m over kommunalt vognivå.
- Trafikantane har fri sikt frå/i alle retningar
- Trafikantane ikkje vert hindra av greiner som heng over fortau eller veg
- Fotgjengarar, rullestolbrukarar, syklistar og liknande ikkje vert tvinga ut i vegbana grunna vegetasjon
- Vedlikehaldsmaskiner ikkje vert hindra av vegetasjon
- Vegskilt og vegmerking er godt synleg
- Greiner ikkje veks opp i leidningar
- Vegetasjon ikkje skjuler gatebelysning

Ei frisiktsone (siktrekant) vert danna av avstanden langs dei møtende vegar i tre retningar, og avstandene vert bestemt av fartsgrensa langs hovudvegen.



Å vite kva slags veg du bur i er ikkje alltid lett, men som hovudregel gjeld følgjande definisjoner

- **Avkjørsle** – køyrbar tilknyting til vegnett frå privat eideom eller eit avgrensa antall eigedommar.
- **Adkomstveg** – veg som fører til fleire bustadeigedomar
- **Samleveg** – tilknytingsveg mellom adkomstveg og hovudveg i eit differensiert vegsystem
- **Hovudveg** – overordna veg i eit differensiert vegsystem



Har du tre ut mot veg, fortau eller gang- og sykkelveg kan ikke greiner henge lågare enn 5 meter over vegbana. Over gang og sykkelveg kan ikke greiner henge lågare enn 3 meter.

Eigaren av trea er også ansvarleg for fjerning av greiner som dett ned.

Klypp hekk og busker før me gjer det

Dersom du les denne informasjonen vil me oppfordre deg til å gjennomføre naudsynt beskjæring av vegetasjon langs vegen forbi din eigedom slik at alle kan ferdast trygt forbi.

[Trafikktryggleik – ditt ansvar](#) (brosjyre)